
Saknr: 2020/37607-1
Saksbehandlar: Johan Julius Meyer

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		14.02.2020

Reglement for servering av alkoholholdig drikke i fylkeskommunale bygg

Forslag til innstilling/vedtak

1. Reglement for servering av alkoholholdig drikke i fylkeskommunale bygg vert gjort gjeldande for Vestland fylkeskommune.

Samandrag

Fylkesrådmannen innstiller på at det skal kunne serverast alkoholholdig drikke i hovudsak i samband med matsservering i fylkeskommunale bygg. Dei fylkeskommunale bygg kan etter søknad verte disponerte av andre til arrangement der det kan bli servert alkoholholdig drikke.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør organisasjon og
økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen eig og disponerer mange bygningar som eignar seg til arrangement og samlingar der til dømes matsservering inkludert servering av alkoholhaldig drikke inngår. Det er difor naudsynt å ha eit regelverk for å sette klare ramar for slike aktivitetar.

Ein klår regel skal vere at servering ikkje skal finne stad når elevar er til stades ved den aktuelle skulen der det er søkt om løyve til servering. Men det må likevel vere eit unntak som gjeld undervisninga i programområdet for restaurant- og matfaget (kokk- og servitørfaget), der servering av alkoholhaldig drikke inngår i undervisningsopplegget..

Saka har vore til drøfting i møte med dei tillitsvalde i partssamansett utval 16. oktober 2019.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i saka

Vurderingar og verknader

Økonomi: ikkje relevant

Klima: ikkje relevant

Folkehelse: ikkje relevant

Regional planstrategi: ikkje relevant

Konklusjon

Reglement for servering av alkoholhaldig drikke i fylkeskommunale bygg vert gjort gjeldande for Vestland fylkeskommune.